

Tilsyn med kommunens krisesentertilbod 2018

Informasjon om innsendar

| | |
|------------------------|------------------------------|
| Kommune | Lindås |
| Navn på den som svarar | Leni Dale |
| Stilling | Kommunalsjef Helse og omsorg |

Krisesentertilbod

Kva krisesentertilbod har kommunen til barn, personar med funksjonsnedsettingar, psykisk lidning, personar med rusproblem og eldre utsett for vald?

Lindås kommune har inngått samarbeidsavtale med Bergen kommune som vertskommune om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19.juni 2009 nr.44 om kommunale krisesentertilbod.

Korleis følgjer kommunen med på at krisesentertilboden er tilrettelagt og eigna for desse gruppene?

Tenestene i kommunen har krisetilbod for desse gruppene ut i frå behov.

Har kommunen utført kontroll med krisesentertilboden?

Vertskommunen, Bergen kommune, kaller årleg inn til møte med alle kommunane og leverandør med faglege og administrative tema.

Kva dato gjennomførte kommunen sist kontroll med krisesentertilboden?

Siste møte var i 2016.

Legg ved notat/rapport frå siste gjennomgang

Nei

Valdsutsette

Korleis sikrar kommunen at vaksne valdsutsette får samordna tenester?

Vi følgjer same rutinar som knytt til andre problemstillingar, med vurdering av samla behov saman med forvalningskontoret og andre samarbeidspartar. Har ikkje eigen plan for vald i nære relasjonar. Krisesenteret tek kontakt med kommunen/aktuelle kommunale instansar om oppfølging, gitt samtykke frå klient Rutinar knytt til bekymringsmeldingar er ikkje godt nok formalisert.

Kva instans/-ar i kommunen er det som har ansvar for å følge opp vaksne under opphold på krisesenteret og i rehabiliteringsfasen etter opphold?

Det vil variere frå sak til sak. Samhandlar med dei tenestane som det vil vere aktuelt å samhandle med.

Korleis sikrar kommunen at valdsutsette barn får eit samordna tilbod medan dei bur på krisesenteret og i reetableringsfasen?

Heimskulen/barnehagen ved rektor/styrar har hovudansvaret for å samordne tilboden rundt barnet.
Lindås kommune nyttar BTI – samarbeidsmodell for tilsette som møter born, unge og familiar som treng oppfølging og støtte i kortare eller lengre periodar i livet. Sikre betre tverrfagleg innsats - utan brot i oppfølginga (Helsedirektoratet/KoRus/RKBU-Vest).

Oppfølging

Kva instans/teneste i kommunen har eit særleg ansvar for oppfølginga av barna?

Heimskulen/barnehagen ved rektor/styrar har eit særleg ansvar for oppfølging av barn som går i barnehage/skule.
Helsestasjonen har eigne rutinar for avdekking gjennom tidleg inn-samtaler.

Kva tiltak har kommunen iverksett for å sikre at tilsette i NAV, barnevern, helsetenestene, skule og barnehage har nødvendig kunnskap om vald i nære relasjonar?

Meldekurs for tilsette under Oppvekst (om omsorgssvikt og meldeplikta).
SMISO-kurs for tilsette under Oppvekst og Helse.
«Tidleg inn»-opplæring for jordmødre og helseøstre (Bufdir)

I 2017: Kurs for alle tilsette - SMISO-kurs og Meldekurs.
Vidare: Fast syklus med årlege kursdagar. Avdelingane deltar kvart andre år. Nytilsette får tilbod kvart år.

Kor mange av kommunenes tilsette har fått opplæring/fagleg oppdatering om vald i nære relasjoner det siste året, og kva for tenester er dei tilsett i ?

Deltakarar: Helsesøstre, jordmødre, barnevernet, PPT, tilsette i skule og barnehage.

I kommunedelplan for helse, sosial og omsorg ligg det i handlingsplanen at det skal utarbeidast ein plan mot vald i nære relasjoner i samarbeid med oppvekstsektoren med frist 31.12.21 (vedtatt i kommunestyre februar 2018).

På kva måte blir innbyggjarar informerte om kommunens krisesentertilbod?

Informasjon om krisesentertilbod er å finne på kommunen sine heimesider og vert formidla gjennom kommunale aktørar som lege, skule, barnevern m.v.

Kommentarer

Eventuelle kommentarar eller tilleggsopplysningar

Jordmor - og helsesøsterenesta har ein handlingsveileder "Tidleg inn". Dette for tidleg avdekking og intervension i forhold til utfordringar/problem knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjoner.

Handlingsrettleiar for tilsette ved helsestasjonane i Lindås i møte med gravide, og foreldre med barn i alderen 0-6 år